

Særutskrift frå formannskapsprotokoll – Vedtaket låg ikkje ved sak PS 110/17

PS 162/17 VØR - Utviding av låneramme

Administrasjonen si tilråding:

Selskapsavtalen til VØR, § 12 Låneopptak vert endra til:

Styret kan ta opp lån til kapitalformål og til konvertering av eldre gjeld innanfor ei samla ramme på inntil 100 mill. kroner.

Lån til einskildprosjekt skal godkjennast av eigarkommunane, dersom vedkomande lån er på 25 mill. kroner eller meir.

Styret kan og ta opp lån til likviditetsformål innanfor ei ramme på 8 mill. kroner. Likviditetslån må gjerast opp før rekneskapsavslutninga for vedkomande år, med mindre lånet er tatt opp for å dekkje underskot, som ifølgje selskapets økonomiplan skal dekkjast over fleire år. Selskapet sine eignelutar kan pantsetjast som trygd for lån.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 17.10.2017 til kommunestyret:

Selskapsavtalen til VØR, § 12 Låneopptak vert endra til:

Styret kan ta opp lån til kapitalformål og til konvertering av eldre gjeld innanfor ei samla ramme på inntil 100 mill. kroner.

Lån til einskildprosjekt skal godkjennast av eigarkommunane, dersom vedkomande lån er på 25 mill. kroner eller meir.

Styret kan og ta opp lån til likviditetsformål innanfor ei ramme på 8 mill. kroner. Likviditetslån må gjerast opp før rekneskapsavslutninga for vedkomande år, med mindre lånet er tatt opp for å dekkje underskot, som ifølgje selskapets økonomiplan skal dekkjast over fleire år. Selskapet sine eignelutar kan pantsetjast som trygd for lån.

Notat

Til: Kommunestyra på Sunnmøre
Frå: Folkevaltnettverket i regi av Demokratiprojektet til Sunnmøre Regionråd IKS
Dato: 18. oktober 2017
Tema: Referat frå gruppearbeid knytt til andre samling i Folkevaltnettverket.
Vedlegg: Foredraget til:

- Professor Dr. Roar Amdam
- Rådmann i Giske kommune, Marit Elisabeth Larssen
- Praktisk prosjektinformasjon v/Erlend Krumsvik

Folkevaltnettverket i regi av Demokratiprojektet til Sunnmøre Regionråd IKS hadde sin andre samling ved Thon Hotel Fosnavåg i Herøy kommune. Representantar frå alle kommunar møtte, med unntak av Ørskog, Ålesund og Vestnes.

Det vart gjennomført to foredrag:

- Professor Dr. Roar Amdam
- Rådmann i Giske kommune, Marit Elisabeth Larssen

Med utgangspunkt i dei to aktuelle foredraga vart det gjennomført to gruppearbeid, med gruppepresentasjonar.

Interkommunale grupper

Oppgåve: Korleis utøver du di leiarrolle som folkevald, og i kva grad fremmer dette ønska offentlig innovasjon?

Tilbakemelding frå gruppene er lista opp nedanfor:

- Kome med innovative løysingar
- Legg fram forslag om at det skal vere regelmessige møte mellom industri og off. administrasjon.
- Lurer på om vi berre er vedtakspolitikarar?
- Vi må bli flinkare til både informasjon om kommunikasjon.
- Fleire interkommunale møteplassar for å løfte ting opp på eit plan som fører til meir og betre samarbeid.
- Vi vil orientere kommunestyra våre om denne samlinga, og samtidig utfordre andre på å kome med informasjon frå ulike samlingar t.d. ordførarane er på.
- For få er aktive i kommunestyret og tek ordet.
- Viktig å få opp engasjementet til «vanlege» folk i kommunen.
- Pådrivar: Det offentlege på utvikle seg i takt med det private. Vi må hugse at innovasjon også kan handle om auka menneskeleg kontakt, kontra digitaliseringsfokus (jfr. Dørbankaksjonen i Stordal).
- Igangsetjar: Skape samarbeid mellom ulike aktørar for å sikre felles eigarskap. (1) Underutval, (2)

Administrasjon (3)

Brukarar/innbyggjarar, (4) Frivillige organisasjonar.

- Vi kan starte å spørre om hvordan unge/ungdom har kvalitet på den offentlige skolen, og ikke bare resultat på nasjonale prøver.
- I denne gruppa kunne vi ha skrevet digitalt, og ikke på dette gråpapiret.
- Ha kontakt med dine velgarar.
- Oppretta i budsjett på ei «pott» som krinsar kan søke for trivselstiltak. Innovasjonsfremmande.
- Som folkevalgt er det viktig å vere åpen og at vedtak kan vere innovasjonsfremmande som enstemmig og knappe fleirtal.
- Litt for mye vedtaksforfattere.
- Har delegert for mye til administrasjonen.
- Litt for lite: (1) Lederfunksjon, (2) For lite i proessane, (3) For lite kontakt m/brukere og innbyggere, (4) Tenke digitalisering som et verktøy, ikke et mål i seg selv.
- Stort sett stiller oss positive til forslag om offentlig innovasjon.
- Kanskje ikke flinke nok til å fremme forslag.
- Være der folk er.
- Lyttepost
- Ingen spørsmål er for dumme
- Lov til å feile
- Kartlegging/brukerundersøkelse/brukermedvirkning
- Framsnakke endring og innovasjon
- Fremme interpellasjon og grunnlagt spørsmål i kommunestyret
- Sette innovasjon på dagsorden (interpellasjon)
- Folkemøte om f.eks arealplan, samfunnsplan
- Forslagskasse for kommunen + digitalt
- Lytte mer til råd og frivillige

- Vi framsnakkar utviklingssaker i politisk behandling
- For hurtig avgjørelse/vedtak/igangsetting
- Kontakt med nærsamfunnet for direkte å nå «grasrota» og deira behov.
- Engasjement i politisk rom fører til framoverlent innovasjon.
- Kommunestyret får eigarskap til vedtaka.
- Marere seg i «hjertesaker».
- Lettare å markere seg i mindre utval? – få til endring er lettare?
- Prosjektgrupper/tverrpolitisk samarbeid + innovativt arbeid.
- Involvere meg meir i kva særleg ungdom (folket) er opptatt av – kvar ligg behovet.
- Sette meg inn i saker
- Oppsøkande verksemd i høve bedrifter og offentlege institusjonar
- Bruke digitale media meir; poste skryt i dtaden for kritikk i saker ein er opptatt av.
- Ikkje bli Trumpifisert – ansvar for alle i kommunen.
- Positive til nye ting/endringsvillige.
- Spele på lag, politikk/administrasjon.
- Framsnakke kommunen som organisasjon.
- Tore å sette i gong prosess – innovasjon.
- Sjå mulegheiter
- Gjere ting enklare/nytenking
- Spørre andre, involvere andre.
- Beste løysing i fellesskap, sjå til andre kommuner.
- Tør å prøve nytt – ny kunnskap.
- Spele på lag – felles prosjekt – positivitet- lykkast
- Samhandling – gode løysingar
- Samarbeid kommune/frivillige – kan gje innovasjon.

- Innovasjonspris.
- Følge utviklinga i samfunnet.
- Legge til rette for beste løysingar for framtida.
- Info. Via digitale media til folket om viktige saker som er aktuelle i samfunnet.
- Kreve tverrfaglig teamarbeid i krevende saker som ingen einingar har direkte ansvar for.
- Vi å gjere administrasjonen engasjert og motivert for omstilling til digitalisering.
- Lytte!!
- Tar opp diear i kommunestyret med politikere og administrasjon.
- Formannskapet er innovasjonsutvalg – på den politiske agendaen.
- Legge til rette for ressurser/rammer – etterspørre prosjekt/utvikling.
- Ha næringskontor – tett forbindelse med næringslivet – legge til rette for gründervirksomhet. Bruke pengane rett.
- Kva er målet? Kva skal vi oppnå? Stille spm.
- Offentleig – privat – frivillig-næringsliv må samarbeide godt. Hente synergieffektar der vi kan. Regelmessig.
- Positiv energi – det må vere lov å gjøre feil.
- Talerør for innbyggerne. Argumentasjon i kommunestyre/utval
- Prosess i sakene
- Framtidsretta
- Stadig utvikling
- Nye idear i einingane
- Digitalisering
- Tørre å bruke digitale verktøy
- Kunnskap/opplæring
- Følge utviklinga, ikke sitte fast i det trygge.
- Godt lederskap og ansvarspersoner.
- Mange ting ligg til rette men blir ikke brukt.
- Beslutningstakere meir enn prosessledere.
- Lite systematisk

Kommunale grupper

Gruppearbeidet i dei kommunale gruppene vart denne gongen oppgitt med kommunenavn på tilbagemeldingane. Formålet var å sjå om det var mønster mellom kommuner på kva som var relevant, og korleis ein vil satse vidare på digitalisering. I dette notatet blir ikkje informasjonen knytta opp mot einskilte kommuner.

Konklusjonen av tilbagemeldingar var at det er stort strekk i laget på digitalisering i kommunane, og det vart ikkje avdekket eit mønster eller struktur i tekstgrunnlaget. Dette var overraskande i seg sjølv. Dette viser at alle kommunane har heilt ulike utgangspunkt og tilnærming til problemstillinga.

Oppgåve: Kva av dagens kunnskap er relevant for vår kommune?

Det største spennet mellom tilbagemeldingane under denne oppgåva ligg mellom utsagna:

- A. Dagens kunnskap var ein aha-opplevelse - vi ligg langt bak.

B. Anerkjennelse digitalisering som verktøy, ikke mål.

Tilbakemelding fra gruppene er lista opp nedanfor:

- Meir interkommunalt samarbeid
- Felles plattform for informasjon
- Nettsidemaal
- Eigen App
- Automatiserte/Digitaliserte rutiner
- Ta vare på den kompetanse vi har i IKT-utviklingsavd - har no 3 stillingar
- Har Cromebook i skulane
- Har digitale løysingar mellom sjukehus/kommunane
- Sjå behov/muligheiter i vår kommune
- Velferdspressa
- Byggesaker på nett
- Vaskerobot/støvsugarrobot/robotgras klipper
- Invitere rådmannen i Giske til Ørsta kommunestyre
- Kommune-TV på Facebook
- Digitalisering i skolen
- Velferdsteknologi
- Digital informasjon
- IKT utviklingskompetanse må på plass
- Ta i bruk å streame kommunestyre på facebook
- Bruke digitalt i kommunestyret for forslag - visning på skjerm.
- Roar Amdam poengterte at politisk leiaransvar må vektlegges mer
- Amdam gjorde oss oppmerksomme på at "ungdomsbølgen" som droppar ut av VGS er "tapt inntekt" som vi behøver til eldrebølgen
- Rådmann Larssen pekte på brukeren i sentrum og at brukarmedvirkning skal gjøre tjenestene bedre.
- Hun poengterte at omstillingsarbeid må pågå kontinuerlig
- Kan vi sette i gang omstillingsprosjekt i kommunen i forhold til digitalisering? Har vi organisasjonen klar?
- Bygg ny kommune - unik sjanse til å implementere innovasjonstenking og digitalisering
- Samarbeid/Dialog - privat næringsliv - kommunene, brukar - kommune
- IKT-utvikling i alle einingane. Vi må kartlegge behovet og sette av ressurser.
- Avsetting i et IKT-fond for fremtidig behov (Øremerket)
- Tverrfaglig samarbeid blir viktig
- Felles budsjett innad i kommunen.
- IKT blir et overordnet prosjekt internt i nye Ålesund kommune
- Vi kan lære av Giske kommune/samarbeide
- Alt er relevant. Vi er i gang med digitalisering (Mobilpleie, Digitalt tilsyn osv, Teknologiskulen - koding for kidsa)
- Inspirasjon til å utvikle oss vidare.
- Bruke ressurspersonane i kommunane godt!
- IT-leiar i Ulstein - leiar i strategigruppa. Utsending ALV-Møre og Romsdal. Møter både rådmannsgr (7-stjerna) og m (HO-7) Koordinere!
- Dra i samme retning, lære av kvarandre og andre.
- Samarbeid - kunnskapsfordeling
- Folkevald kontroll
- Tilgjengeleg informasjon
- Streaming av offentlege møter
- Bygge nettverk over grensene
- Økt kompetanse på IKT i administrasjonen
- Flest mulig over bidragsstreken
- Øke politisk engasjement i befolkningen med sosiale medier
- Kvalitet, ikke kvantitet. Klare mål!

- Dagens kunnskap var ein aha-opplevelse - vi ligg langt bak.
- Etablere ressursgruppe med budsjett for å skaffe kunnskap om digitalisering
- Må vere tverrfagleg skule/teknisk/helse
- Gruppa bør kommunisere informasjon og haldningar.
- Starte med å streame kommunestyra.
- Få aktive innbyggjarar gjennom haldningskampanjar og opplæring
- Samarbeid på tvers, både administrativt og politisk. Unngå einingsegoisme (td. Jobbsjansen, utekontakta)
- Meir å gå på innan kultur - innovasjon.
- Meir kontakt med arbeidstakarar, både politikarane og sektorsjefane.
- Bruke sosiale media som ei positiv politisk plattform.
- Prosess mot kvalitet, ikkje målstyrt.
- Hugs at du er vald til å ha ansvar for heile kommunen, ikkje berre bygda di! (Trump-tendensar)
- Innovasjonsprosjekt/tiltak har gitt kvalitativt effekt (innanfor oppvekst)
- Vanskelig å identifisere økonomisk effekt på kort sikt.
- Økonomisk innsparingspotensiale er langsiktig.
- Anerkjenne digitalisering som verktøy, ikkje mål.
- Kva gjer vi?
- Kva kan vi gjere for å få alle innbyggjarane i kommunen i tale, slik at dei kan kome med ideane sine til å bruke potensialet som er i kommunen?
- Snapfunksjonar ligg open og utfordrar innbyggjarane til å sende inn opplevingar og idear.
- Utfordre formannskapet til setje kommunen sin IKT-utviklingskompetanse på dagsorden regelmessig.

Oppgåve: Kva kan vi få til i årets budsjettprosess for 2018, og økonomiplan 2018 - 2021?

Denne oppgåva var meint som ei utfordring til deltakarane på å konkretisere politiske bestillingar overfor administrasjonen i kommunene. Sett i relasjon til foregåande oppgåve er det ikkje overraskande at tilnærminga er fragmentert og ulik kvarandre. Nokre grupper leverte heller ikkje svar på oppgåva. Dette gir signal om at det bør gjennomførast lokale diskusjonar og prosessar på korleis kommunene skal begynne å tilnærme seg ein digitaliseringsprosess overfor forvaltningsautomasjon.

Det største spennet mellom tilbakemeldingane under denne oppgåva ligg mellom utsagna:

- A. Legge til rette for dei tiltaka som adm peikar på som viktig for vidareutvikling.
- B. Oppretthalde innovasjonstrykket

Tilbakemelding frå gruppene er lista opp nedanfor:

- Bestille i tide
- Etterspørre innovative løysingar
- Peike på kva kvalitative fordelar ved innovasjon
- Har sum til digitalisering/velferdsteknologi i Økonomiplanen
- Prøveprosjekt i 2018, verferdsteknologi på 20 nye omsorgsbustadar
- IKT utviklingskompetanse
- Digital infrastruktur
- Byggesaksbehandling v/kunstig intelligens
- Vaskerobot/støvsugerrobot/gressklipp errobot
- IKT utviklingskompetanse i 2018, 2018 - 2021
- Mer iPad til skolene
- Nøkkelsystem for hjemmesykepleie
- Digitale læreverk og nettbrett
- Legge til rette for meir bruk av velferdsteknologi (OBS! ved bygging av nye omsorgsboliger)
- Opprette IKT-fond, og utfordre de andre kommunene i Nye Ålesund til å gjøre det samme! Etter 2020 foreslår vi at dette lever videre som eit felles fond.
- Legge til rette for dei tiltaka som adm peikar på som viktig for vidareutvikling.
- Tekniske løysingar for streaming
- Møteplassar (utvikling av bibliotek, informasjon m.m.)
- Samkøying av økonomiplanar
- Felles plattform i einingane
- Opplæringsmidlar til brukarar
- Velferdsløysingar for eldre
- Nettbrett i skole og barnehage
- Kursing i digitalkompetanse
- Velferdsteknologi
- Oppretthalde innovasjonstrykket

Nettverkskode

Nettverk:

ThonWifi

Passord:

«fri tilgang»

Folkevaltnettverket


Ein del av demokratiprojektet

Thon Hotel Fosnavåg

18. oktober 2017




13:00 til 13:15	Velkomen til Herøy kommune v/ordførar Camilla Storøy
13:15 til 12:30	Praktisk informasjon v/prosjektleiar Erlend Krumsvik
13:30 til 14:15	Hovedforedrag: « Systematisk offentlig innovasjonsarbeid - med vekt på politisk leiaransvar » Professor Dr Roar Amdam, Høgskulen i Volda
14:15 til 15:00	Kommuneforedrag « Giske 2030.no » Rådmann Marit Elisabeth Larsen, Giske kommune
15:00 til 15:30	Pause/Mingling/Mat
15:30 til 16:30	Gruppearbeid og gruppepresentasjonar
16:30 til 17:15	Kommunalt gruppearbeid og gruppepresentasjoner
17:15 til 17:30	Oppsummering v/prosjektleiar



Prosjektets formål

1. Utvikle politikerrollen for «fritidspolitikeren»
2. La digitalisering bli;
 - ..ein naturleg arena for medvirkning, og
 - ..ein naturleg del av kommunal organisasjonsutvikling.
3. Legge til rette for betre innovasjonsklima i kommunene
4. Skape grunnlag for samskaping mellom kommuner og andre samfunnsaktørar
5. Auke tillit mellom offentleg sektor og samfunnet for øvrig.




Prosjektets overordna mål

**Tilføre kommunene kompetanse for
å auke samfunnets velferdsnivå
gjennom eldrebølga?**

Prosjekterfaring:

*Digitalisering framstår som sentral faktor
på alle prosjektets formål*

Prosessmetodikk



- Kollektiv læring
 - Nyttar kjent arbeidsmetodikk henta frå ungdomstrinn i utvikling
 - Politisk læringsmetodikk i samsvar med læringspraksis blant tilsette i skulen
- Bruk av sosiale media


Folkevaltnettverket

Møteplan H-17

- 6. september (Ørsta)
 - Micco Grönholm
 - «Digitalisering og stadsutvikling»
- 18. oktober (Stranda)
 - Roar Amdam
 - «Innovasjon og digitalisering – med politisk lederansvar som perspektiv»
- 6. desember (Ålesund)
 - Håvard Moe
 - «Folkevaltundersøkinga»


Lokale case

- I tillegg til foredrag frå relevante foredragshaldarar vil ein nytte lokale kommunale case i tillegg.
- Samlingane er ein kombinasjon av forelesing og gruppearbeid.



Interkommunale grupper

- Spørsmål til gruppearbeid:
 - Korleis utøver du di leiarrolle som folkevald, og i kva grad fremmer dette ønska offentleg innovasjon?



Kommunale grupper

- Spørsmål til gruppearbeid:
 - Kva av dagens kunnskap er relevant for vår kommune?
 - Kva kan vi få til i årets budsjettprosess for 2018, og økonomiplan 2018 - 2021?

Skriv kommunenavn på arket



Digitalisering av kommunal sektor

Demokratiprojektet Fosnavåg 18.10.17



«Den digitale kommunen» rammer og forventninger

- <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/digitaliseringsgrunnskrivet/id2569983/?q=digitalisering>
- Ei samanstilling av pålegg og råd om digitalisering av offentleg sektor, retta mot departement, statlege forvaltningsorgan og - bedrifter
- <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/digitalisering-i-kommunal-sektor/id2570258/>
- «Digitalisering skaper helt nye måter å levere offentlige tjenester på, og er en viktig drivkraft for forenkling og forbedring av offentlig sektor. Det er behov for en raskere digitalisering av offentlig sektor og et løft i kommunesektoren. Derfor må stat og kommune samarbeide mer og bedre for å tilby innbyggere og næringsliv gode, brukervennlige og helhetlige digitale tjenester.»



Rammer og forventninger

- <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-27-20152016/id2483795/>
- <https://www.regjeringen.no/contentassets/fe3e34b866034b82b9c623c5cec39823/no/pdfs/stm201520160027000dddpdfs.pdf>
- «Digital agenda for Norge – IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet»



KS digitaliseringsstrategi for kommunal sektor

- <http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/digitalisering/digitaliseringssstrategien/?id=64400>
- <http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/digitalisering/digitaliseringssstrategien/nasjonale-prosjekter/>



KS- kommit

- <http://www.ks.no/kommit>
- Hovedstyret har vedtatt at Kommit-rådet skal:
 - delta i utviklingen av digitaliseringsstrategi for kommuner og fylkeskommuner sammen med KS.
 - gi sin tilrådning til strategi og prioritering av utviklingsoppgavene i KS
 - involveres løpende i oppfølgingen av digitaliseringsarbeidet i KS

Gjennom løpende samhandling mellom rådet og KS er målet å sikre styring, prioritering og rettidig gjennomføring av tiltak, innenfor gjeldende økonomiske og ressursmessige rammer.

KS skal gjennom en styrket satsing gjennomføre, eller sørge for gjennomføring av prioriterte oppgaver og tiltak, samt forvalte felleskommunale løsninger



Raskare digitalisering med felles finansiering

- <http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/digitalisering/raskere-digitalisering-med-felles-finansiering/>
- Staten har gitt 125 millioner kroner til felles finansierungsordning for kommunale digitaliseringsprosjekter

Følger kommunal sektor opp?

- KS vil bidra med inntil 40 millioner kroner.
- Storbynettverket og de ti største kommunene vil bidra med 35 millioner kroner.
- Øvrige KS-medlemmer er invitert til å delta med et engangsbeløp på 20 kroner pr innbygger for kommuner og 5 kroner per innbygger for fylkeskommuner.
- Vert alle kommuner og fylkeskommuner med, vil ordningen disponere ca. 250 millioner kroner.




Døme på utfordringar for kommunal sektor

- Finansiering av felles prosjekt
- Engasjement politisk og på administrativt toppleiarliv
- <http://e24.no/digital/digitalisering/kommunene-blinkes-ut-som-it-sinker/23774217>
- Nettverksbygging
- Heiagjeng



Giske2030.no

Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi



Giske2030.no

Lokalt handlingsprogram for omstilling av Giske kommune 2016-2019

Føremålet med programmet er omstilling gjennom bruk av ny teknologi og digitalisering. Omstillingsprogrammet er omfattende og dekker alle kommunens tenesteområde. Det vil påvirke og endre: arbeidsprosesser, arbeidsdeling, organisering og tankemåtar. Handlingsprogrammet syner aktivitetar og tiltak som vert gjennomførte, gevinstområde og kva endring som vert iverksett.

Vedteke i Giske kommunestyre 16. juni 2016



Giske2030.no

Samfunnsutvikling – vårt felles ansvar

Den digitale kvardagen forplikter kommunane:

- Nasjonal digital agenda frå regjeringa
- KS digitaliseringsstrategi 2017-2020 «Gode og tilgjengelege digitale tjenester styrker dialogen med innbyggerene, næringsliv og lokalsamfunn»
- Teknologirådet: «Denne gangen er det personlig. Det digitale skifte i offentlig sektor»
- eKommune Sunnmøre, vedtatt strategisk plan



Giske2030.no

Omstilling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi

- Finansierte som eit investeringsprogram med innslag av eksterne prosjektmidlar
- Start september 2016
- 2,1 årsverk i programmet




Giske2030.no

Vårt mål

- Forenkle og forbetre prosessar ved bruk av ny teknologi og nye arbeidsmåtar
- Sikre god kvalitet på tenesteyting
- Hauste økonomiske gevinstar og unngå kostnader
- Effektiv tidsbruk
- Auka og betre innbyggjardialog
- Innbyggjarmedverknad og meiropen kommune.
- Sjølvbeteningsløyser skal gi betre og meir treffsikre løysningar

Giske2030.no

Organisering



Giske2030.no

Status i delprosjekta – helse og omsorg:

Mobilt barnevern

Visma Mobilt Barnevern gir direkte ekspedering. Saksbehandlingen skjer utan opphald heime hos familien. Gevinsten vert større semje rundt referat og avtalar. Oppdatert og tilgjengeleg klientinformasjonssystem som sparar tid og aukar fleksibiliteten. Kan skrive/arbeide ute i felt. Betre sikkerheit utan papir og mindre etterarbeid. *Avslutta, avventer oppstart.*

Digitale låsar – heimesjukaheilen

Ingen nøklar som må hentast eller leverast. Opner dører med mobilapp.

Digitalt tilsyn

Gevinsten er auka tryggleik, større sikkerheit og auka høve for sosial deltaking for brukarane. Brukar tar aktive val rundt eige helse og påverke sitt eige helsetilbod.

Digital responsentral

Flere bebuarar kan bu heime fordi responsentral overvakar: tryggleiksalarm, medisindispenserar og system som mellom anna registrerar blodsukker, blodtrykk, kroppstemperatur og lungefunksjon. Gir pasientane høve til å bu lengre heime.

Velferdsteknologimesse

Velferdsteknologimesse på Øygardshamna den 19.oktober. *Under arbeid*

Voksenopplæring, flyktning

Visma Flyktning & Voksenopplæring er ei programvare som bidreg til struktur og effektivitet i kommunens integreringsarbeid. *Under arbeid, installert og inne i opplæringsfase*

Giske2030.no

Referansegruppe

Formannskapet

- Orientering tre gonger i halvåret
- Status, presentasjon av framdrift og milepælar
- Tilbakemelding og drøfting

Giske2030.no

Status i delprosjekta – oppvekst:

Digital skulekvardag - iPad i skulen til alle elevar og lærarar.

Betre meistring, auka motivasjon og betre tilpassing til alle elevar på sitt nivå. Umiddelbar tilbakemelding og kjekkare undervisning. I tillegg byttast utdaterte skulebøker ut med alltid oppdaterte nettbrett.

Pågåande arbeid.

@Work

Giske kommune er pilotkommune saman med Kongsvinger og Drammen. Mobilapper skal samle alle digitale verkty som den einskilde tilsette nyttar i høve sitt arbeid gjennom api-løysingar. @Work, også kalla SmartAnsatt skal også gi betre opplæring av nyttilsett. Applikasjonen heng saman med ny kommunikasjonsplattform og på sikt utvidast til *Smart Innbyggjar* og *Smart Politiskar*. Piloteining er oppvekst.

Pågåande arbeid.



Giske2030.no

Status i delprosjekta – stab:

Kommunikasjonsstrategi

Ny kommunikasjonsstrategi for heile organisasjonen er under arbeid. Heng saman med ny kommunikasjonsl sning (Telenor) og ny nettsted med sosiale media. *Under arbeid.*

Ny prosjektorganisering

Digitaliseringsarbeidet organiseres med ny organisasjonsstruktur. Skal gi delprosjekt betre struktur og oppf lging og rapportering. Formannskapet (referansegruppe), r dmannsteamet (styringsgruppe) og delprosjekta blir l yst gjennom ei prosjektgruppe. *Etablert*

Nytt prosjektverkt y

Prosjektverkt yet Puzzlepart skal organisere alle kommunen sine digitale prosjekt og nyttast i den nye prosjektorganiseringa. *Under arbeid.*

Styring og analyseverkt y

Formidlar enkelt oppdatert informasjon om l n & personal,  konomi, innkj p og etter kvart fr  alle fagsystem som nyttast i organisasjonen. Enkel tilgong til styringsrelevante n kkel tal og instrumentpanelet for leing, medarbeidarar og politikarar

Gevinstplanlegging og realisering

Prosjekt skal gevinstberegna for prosjekt igangsettast. Leiarar og tillitsvalde har f tt oppl ring. Kontinuerleg fokus p  tema. *Igangsett, oppl ring gitt og oppf lging under arbeid.*



Giske2030.no

Status i delprosjekta – kultur, bibliotek, milj  og service:

Meiropent Bibliotek/Meiropen kommune


I den digitale tidsalderen er det viktig at folkebiblioteket styrker posisjonen som ein m teplass, ein stad ein kan kome og jobbe, lese, prate med andre folk og l ne b ker. Her gjer folk ting dei kunne gjort heime: jobber, leser, sender tekstmeldingar eller slapper av. Giske folkebibliotek skal verte ei folkesamling like mykje som ei boksamling. *Under arbeid*

Ny telefoniavtale og sentralbord/servicetorg

Delprosjekt under Giske kommunes digitaliseringsreise. F rem let er   kartleggje, budsjettere, gi kvalitativ gevinstanalyse og setje i drift ny telefonil sning der gevinstanalysen tilsier det. Robotisering av deler av arbeidet *Under arbeid.*

Ny nettportal

ACOS InfoLink CMS er det mest brukte publiseringsverkt yet i norske kommuner. Publiseringsverkt yet har mykje funksjonalitet, er enkelt   bruke og fleksibelt i h ve til integrasjon. Ein heilt ny nettportal lanserast i  r, der innbyggjardialog og sj lvbet ning er viktige faktorar. *Avslutta i produksjonsfase*



Giske2030.no

Status i delprosjekta – stab:

Digitale m terom

Fire  yar knyttast opp til r dhuset gjennom enkle videokonferansel sningar som Skype. Mykje   hente p  reisetid og kostnader. *Under arbeid, fleire er kopla opp og sj ast i samanheng med ny kommunikasjonsl sning.*

Digitale reise- og utleggsrekningar

Visma Expense blir nytta som organisasjonen sitt nye reiserekning og utleggssystem. No som krav om originalkvitteringar er avskaffa, er det enkelt og tidsbesparande   bruke mobilappen. Attach for   scanne kvitteringar til bruk i Expense. I bruk av tilsette og etter kvart politikarar. *Avsluttet, igangsatt.*

Avvikshandtering

Heildigitalisert avviksmeldesystem - ingen meldingar p  papir. Oppf lging og handsaming blir kvalitetssikra. *Avsluttet, igangsatt.*

Nytt sakshandsamingssystem.

Overgang til Acos WebS k Fokus gjev betre fangst av e-post og bedre kvalitet p  det som vert registrert. Noark5 godkjend. Tilrettelagt for digitalisering av ein rekkje av organisasjonen sine prosessar og betre arbeidsflyt. Digital ekspedering til n ringsliv og innbyggjarar via KS SvarUt. *Avsluttet, igangsatt.*



Giske2030.no

Status i delprosjekta – teknisk:

Digitale l sningar i teknisk avdeling

Ny kartl sning

FDV-anlegg VA og bygg/eigedom

Robotisering av reinhaldsoppg ve

Under arbeid.

Nytt sakshandsamingssystem for eigedom


eByggesak fr  Acos gjev oss ein effektiv og heildigital arbeidsflyt p  enkle og komplekse byggesaker. *Avslutta og tatt i bruk.*

eByggesak – kj m

Kvardagsaktivitet

- Kontinuerleg oppgradering av programvare. Held oss inne i utvikling som leverandørar bidreg til
- Aktivt samarbeid for å påvirke leverandørar til løysingar vi er tente med
- Opplæring: basisopplæring, opplæring i nye versjonar, opplæring i ny teknologi
- Brukarretta informasjon og tilbod om opplæring i nye verktøy

Takk for meg



Utfordringar no og framover

- Digitalisering er organisasjonsutvikling og innovativt arbeid
- Omstillingsprogrammet i skjæringspunktet mellom forvaltning og utvikling, mellom politikk og administrasjon
- Infrastruktur som støtter ny løysingar
- Ta ut effekt og gevinst av nye verktøy/løysingar (frå politikarar til tilsett, frå kommune til innbyggjar)
- Informasjonsarbeid (innover og utover), sikre heilagjengen
- Kunnskap om kva som skjer innan teknologi-området. IOT – korleis vert vi påverka av teknologi og korleis nyttegjer vi – innoverer vi i kvardagen?
- «Vi er ei øy, men ikkje aleine i verda», nettverksbygging, noko og nokon å strekke seg etter
- Overgang frå prosjekt til drift
- TTT = TTLT = (TTJLT)

Systematisk offentlig innovasjonsarbeid - med vekt på politisk leiaransvar

Sunnmøre Regionråd - Folkevaldsnettverk

Fosnavåg 18. oktober 2017

Professor Dr. Roar Amdam

Mitt enkle budskap er egentleg å be dokke slutte med New Public Management

Kva handlar det om for kommunar


- Stordata frå veg, vatn, kloakk, energi, internett-klikk m.m. (mengde, sikkerheit, personvern?)
- Robotar/maskinar som erstattar folk i saksbehandling, rettleiing, produksjon m.m?
- Velferdsteknologi med sensorar, varsling, samtale m.m.
- Kan alt digitaliserast og erstattast med maskinar?
- Utviklinga er teknologidreven, men kva med menneske sine behov for omsorg, personvern, verdigheit og utnytting (sal av data)?

Digitalisering – kva betyr det?

- Ordet digitalisering ("digitalization") ble først brukt i 1971 av Robert Wachal i et essay om den sosiale betydningen av digitalisering av samfunnet.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet sier at: "I utgangspunktet er digitalisering en samlebetegnelse for overgangen fra analoge, mekaniske og papirbaserte løsninger, prosesser og systemer, til elektroniske og digitale løsninger."
- Digitaliseringsrundskrivet 2016 fokuserer bl.a. på brukervennlige nettbaserte tjenester, f.eks. digital postkasse, bruk av elektronisk faktura og skytjenester
- Når NHH omtaler digitalisering av prosesser, er effektivisering og automatisering av oppgaver i fokus.

Offentlig sektor er inne i heile livsløpet til folk, men mange samansette og gjenstridige problem

Tre liv eller ett livsløp ?



Schumpeter: Innovasjon som kombinasjonar drivne fram av entreprenøren

- Utnytting av **ein ny type råvare**
- Introduksjon av eit **nytt produkt eller teneste**
- Introduksjon av ein ny **produksjonsmetode**
- Inntrenging i ein **ny marknad/behovsområde** (produktet kan vere gamalt)
- Ny **organisering**
- **Entreprenøren er aktøren som gjennomfører innovasjonane**

www.hivolda.no

5

Seks sentrale tema for innovativ forvaltning

Teigen 2007:14 i Rønning og Teigen: *En innovativ forvaltning*

	Produksjon	Organisering	Politikk
Innovasjon i den offentlege sektor	Offentleg produksjon av tenester, elkraft, olje, gass m.m.	Talet på adm forvaltningsnivå, funksjonsdeling, samarbeid m.m.	Oppdeling i departement, forvaltningsnivå, arbeidsdeling, privatisering m.m.
Den offentlege sektor som innovasjonsfremmar i den private sektor	Etablering av høgskuler, støtte, infrastruktur, endringsagent - Innovasjon Norge m.m.	Næringsdepartementa, korporativisme, segmentering, Innovasjon Norge m.m.	Insitament, subsidiar, skatte- og avgiftspolitik, skattefunn m.m.

www.hivolda.no

6

Den lineære modellen - mode 1 Forskardriven innovasjon

Framstiller innovasjon som ein stegvis prosess der foretaka hentar idear og konsept frå forkinga, bruker denne kunnskapen til å utvikle nye produkt og eigna produksjonsprosessar, og til å produsere og marknadsføre produktet.

Bygger på spesialisering og arbeidsdeling

www.hivolda.no

7




Den interaktive modellen - mode 2 Samarbeidsdriven innovasjon

Framstiller innovasjon som ein læringsprosess mellom produsentar, kundar, offentlege styresmakter m.m. der design og prøveproduksjon inngår som ein integrert del av produksjonen.

I denne modellen inngår også lokalisert uformell og såkalla taus kunnskap som ein vesentleg del av innovasjonsprosessen.

www.hivolda.no

8




Vellykka offentlig innovasjon

Mulgan og Albury (2003:3)

HØGSKULEN I VOLDA

- Vellykka innovasjonar i offentlig sektor er å skape og å sette i verk nye prosessar, varer og tenester, og å sette i verk nye leveringsmetodar som fører til vesentleg forbetring i

- **produktivitet**,
- **effektivitet** og
- **kvalitet**.



Kva er kvalitet

Evens, J.R. 2011(6): Quality management, organization, and strategies

- Kvalitet blir ofte definert som det å ha gode brukseigenskapar og det å tilfredstille kundane/borgarane sine behov.
- Men konkurransekrafta ligg ofte i å overskride brukarane sine forventningar.
- Kan vi då seie at kvalitet er å tilfredstille føremålet og samtidig gi noko ekstra.

www.hivolda.no

Det evige dilemma i styring og leiing:

KONTROLL VERSUS FRIDOM

- **Gamal offentlig styring** basert på regelstyring, hierarki og stort fagleg skjønn, men blei oppfatta som klientifiserande og byråkratisk i negativ forstand, og behovet for **samordning** auka.
- **New Public Management** med vekt på mål og resultatstyring, kundar og marknadstenking. Lover både fridom og kontroll, men vi har fått rigide kontrollregime, søking etter standardprosedyre og redusert faglig skjønn, samt einingsegoisme og behov for **samhandling**.
- **Ny offentlig forvaltning** er i utvikling. Vektlegg verdistyring, formål og levering av kvalitet. Føreset likeverd, dialog, borgardeltaking, **samskaping**, auka fagleg skjønn.

15

Modernisering og NPM

- NPM inneber både *oppgradering av tilsette* leiarar og *indirekte folkevald styring* noko som medfører eit rigid og stort kontrollsystem med m.a.:
 - Overmåling og målforskyving
 - Einingsegoisme framfor samskaping
 - Standardprosedyrar framfor fagleg skjønn
 - Nullfeilskultur, lite læring, innovasjon
 - Dårlig kvalitet og svekka aksept/legitimitet

Fremmarar av innovasjon i offentlig sektor (European Union, 2013)

- Store nasjonale institusjonar er innovasjonsleiande
- Statlege sentrale institusjonar er like innovative som uavhengige desentraliserte institusjonar
- Introduisering av nye lover og regelverk, reformer (mest innovasjonsdrivande)
- Deretter budsjettkutt

Hemmarar av innovasjon i offentlig sektor (European Union, 2013)

- Ressursmangel når det gjeld pengar og personar
- Manglande regulerande verktøy/politikk
- Manglande støtte og stimulans til medarbeidarane frå leiinga

Andre funn i undersøkinga (European Union, 2013)

- Undersøkinga viser høg innovasjonstakt i offentlig sektor
- Innovasjon i offentlig sektor har positive effektar på:
 - brukartilgangen til informasjon,
 - betre brukertilfredsheit,
 - raskare levering av tenester,
 - og på bedrifters vilje til å vere innovative.

Aktuelle utfordringar

- Forstå kva forsking og innovasjon kan vere
- Overvinne innovasjonshemmarane
- Mangel på tillit og erkjenning av gjensidig avhengigheit
- Einingsegoisme/fragmentering
- Nullfeilskultur

www.hivolda.no

21

Aktuelle mulegheiter

- Stimulere systematisk innovasjonsarbeid ved bruk av plan- og rapporteringssystemet
- Auke legitimiteten til offentlig sektor ved å levere betre kvalitet
- Fremme aktiv brukarmedverking
- Handtere samansett og gjenstridige problem
- Søke *neste praksis* i staden for *beste praksis*

www.hivolda.no

22

Oppsummert: Innovasjon er systematisk hardt arbeid over tid der leiarane må:

- Hindre utvikling av ein nullfeilskultur og einingsegoisme
- Bygge heilskapstenkande leiarteam/rådmannsteam
- Etterspørre samhandling og samskaping
- Etterspørre outcome (gevinstrealisering) framfor berre output
- Måle både produktivitet, effektivitet og kvalitet
- Kombinere teljing med forteljing, kvantitative og kvalitative data – lære av feila
- Heile tida minne om kva som er offentlig sektors formål

Takk for meg!

<http://tilsett.hivolda.no/ram/>



www.hivolda.no

24